



Dragsund 08.03.2021

## Freda og verneverdige bygningar. Rettleiing SMIL midlar for perioden 2021-2024

### Vilkår:

Viser til § 2, § 3 og § 4 i Forskrift om tilskot til Særlege Miljøtiltak i Jordbruket FOR-2004-02-04-448 sist endra FOR-2020-12-21-3044 med verknad frå 01.01.2021.

### Søknad:

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema LDIR-430 N *Søknad om tilskot til Særlege Miljøtiltak i Jordbruket* (SMIL). Du finn elektronisk skjema ved å gå inn på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) vel deretter skjema i høgre marg og søk opp skjemaet «Søknad om Spesielle Miljøtiltak i Jordbruket» og logg inn på skjemaet med Bank-id.

Sjå elles rettleiing på søknadsskjema og Strategiplan for SMIL-midlar 2021-2024 for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid. Strategiplanen ligg på heimesida til kommunane under landbruk. Visst du ikkje finn den der ta kontakt med Herøy kommune, avdeling Landbruk, Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy eller e-post til [landbruk@heroy.kommune.no](mailto:landbruk@heroy.kommune.no)

Vi gjer merksam på at søknaden ikkje vert handsama før den er fullstendig med alle opplysningar og vedlegg. For å ha rett på tilskot til tiltaket (prosjektet), kan ikkje arbeidet startast opp før det er løyvd midlar til tiltaket. Ved løyving vert det gitt inntil 3 års arbeidsfrist som etter skriftleg søknad kan forlengjast med inntil 2 år.

### Vedlegg som skal liggje ved søknaden:

- Beskriving av tiltaket
- Kostnadsoverslag for tiltaket
- Foto, teikningar og gjerne tilbod på utføring av arbeidet
- Ved søknad om restaurering av verneverdig bygning er det krav om at bygget er registrert i SEFRAK registeret. Det er en fordel om det ligg ved ei uttale frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune.
- Søknadar som har samfinansiering med kulturminnefondet vil ha fortrinn
- Det er ein styrke for søknaden om det ligg ved ein tilstandsrapport for bygget som er utarbeidd av bygningskyndig som har kompetanse på restaurering av verneverdige bygg
- Kart i målestokk 1:1000 over tunet
- Kart i målestav 1: 5000 over eige og leigd areal som føretaket disponerer
- Alle miljøverdiar, samt areal der det er risiko for tap av jord og næringsstoff, skal kartfestast og beskrivast, jamfør forskrifter §6

### Tiltaket:

Det vert gitt tilskot til bygningar som er verneverdige ut frå alder, opphav, arkitektur, historie og estetikk. Bygningane skal vere eller ha vorte nytta i eller i tilknyting til landbruksdrifta eller i tilleggsnærings. Døme på bygningar er driftsbygningar, stabbur og sæterhus. Brannsikringstiltak eller elektrisk anlegg ligg ikkje utanfor ordninga. Restaurering av stabbur og vedhus skal utførast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus". Dette heftet er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.

**Andre opplysningar:**

Kulturminnefondet har saman med Landbruksdirektoratet utarbeida informasjonsmateriell for dei som ønskjer å søkje om tilskot til å ivareta verneverdige bygningar. Informasjonsmateriellet gjeld både for Kulturminnefondet sin tilskotsordning og Særskilde miljøtiltak i jordbruket – SMIL.

Informasjonsmateriellet er retta mot grunneigarar/ kommunar som eiger/ forvaltar kulturminner. Materiellet skal:

- gi søkerar av tilskot betre oversikt over kva ordningar som finst
- praktiske råd i høve søknadsprosedyrar
- faglege råd knyta til istandsetjing og vedlikehald av kulturminner

Informasjonsmateriellet består av ei rekke faktaark som er laga som PDF-filer. Du finn dei ved å gå inn på «**Kulturminnefondet sin nettside.**»

**Timesatsar:**

Eige arbeid:

- Kr. 350 pr. time.  
Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande.

Leigd arbeid:

- Kr. 350 pr. time.

**Tilskotsats:**

Tiltak vurdert av kulturavdelinga på fylket og saker som får midlar frå Kulturminnefondet vert prioritert. Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Sakshandsamar for SMIL-ordningane er Oddvar Gjerde mobil 992 10 099.